



Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Askedalen 2  
6863 LEIKANGER

Saksbehandlar, innvalstelefon

Gunn Tove Nyheim, 5764 3149

## Vesentleg innvending til vedteken regional planføresegn for Sogn og Fjordane om lokalisering av handel og kjøpesenter

Vi viser til vedtak i fylkestinget 08.10.2019 av regional handelsføresegn for Sogn og Fjordane, og melding om vedtaket 16.10.2019.

Fylkesmannen i Vestland har vesentleg innvending til vedtaket, og bed om at fylkeskommunen sender saka over til Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) for endeleg avgjerd.

Handelsføresegna ivaretek ikkje nasjonale eller viktige statlege omsyn og interesser på ein måte som Fylkesmannen kan godta.

***Fylkesmannen meiner at den vedtekne handelsføresegna er i strid med «Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging» (BATP), og at handelsføresegna derfor må endrast.***

### Innleiing

Vi viser til § 8-4 i plan- og bygningsloven om vedtak av regional plan:

*«Dersom statlig organ av hensyn til nasjonale eller statlige interesser på vedkommendes ansvarsområde, eller kommune som blir direkte berørt av planen, har vesentlige innvendinger mot planens mål eller retningslinjer, kan de kreve at saken bringes inn for departementet, som kan gjøre de endringer som finnes påkrevd. Tilsvarende gjelder ved vedtak av regional planbestemmelse etter § 8-5. Etter at planen er vedtatt, har fylkeskommunen ansvar for å avklare om innvendinger står ved lag og eventuelt sende planen videre til departementet.*

*Selv om saken ikke bringes inn for departementet etter foregående ledd, kan departementet, etter at regional planmyndighet er gitt høve til å uttale seg, foreta endringer i planen ut fra nasjonale interesser».*

### Vedteken planføresegn

Fylkestinget vedtok i møtet 08.10.2019 følgjande tillegg til punkt 1.3, som ikkje har vore på høyring: *Kommunen kan sjølv regulere inn fleire sentrumsområde i same regionsenter (BAS-område),*

Etter dette er første del av kap. 1.3 slik:



### 1.3 Lokalisering av handel

*All handelsverksemd skal lokalisert innanfor sentrumsavgrønsinga.*

*Avgrønsing av sentrumsområde skal vere fastsett i gjeldande plankart til kommuneplanen sin arealdel, eller etter ei planfagleg vurdering kan ein avgrønsa sentrumsområde i områdereguleringsplan som dekkjer heile sentrum. Kommunen kan sjølv regulere inn fleire sentrumsområde i same regionsenter (BAS område).*

#### Vurdering

I praksis kan kommunane etter vedtaket i fylkestinget definera både to og tre sentrumsområde med fleire kilometers avstand i regionsenter (BAS-område), noko som etter vår vurdering vil føre til auka sentrumsspreiing og bilbruk, og derfor vere i strid med BATP.

KMD har tidlegare understreka at den nasjonale politikken ligg fast etter bortfall av «*rikspolitiske bestemmelse for kjøpesentre*» 01.07.2018, og at dei omsyna den rikspolitiske føreseigna ivaretok, no blir dekkja av BATP.

Fylkesmannen meiner det er viktig at det vert lagt vekt på dei statlege og nasjonale føringane som ligg nedfelt i Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging (BATP).

Vi viser til at føremålet med avgrønsingane knytte til utbygging av kjøpesenter har vore omsynet til å styrke eksisterande by- og tettstadsentra for å hindre utarming av sentrum og vere med å redusere klimagassutslepp, slik at ein unngår ei utvikling som fører til byspreiing, auka bilavhengigheit og dårlegare tilgjenge for dei som ikkje disponerer bil.

Fylkesmannen meiner at kap. 1.3 i handelsføreseigna er i strid med dette.

Konkret meiner vi at kap. 1.3 i handelsføreseigna er i strid med følgjande punkt i BATP:

Kap. 3.0: «*Utbyggingsmønster og transportsystem bør fremme utvikling av kompakte byer og tettsteder, redusere transportbehovet og legge til rette for klima- og miljøvennlige transportformer*».

Kap. 4.1: «*Rammer for utbyggingsmønster og transportsystem bør fastsettes i regionale planer i tråd med disse retningslinjene*».

Kap. 4.2: «*Utbyggingsmønster og transportsystem må samordnes for å oppnå effektive løsnings, og slik at transportbehovet kan begrenses og det legges til rette for klima- og miljøvennlige transportformer*».

Kap. 4.4: «*Planleggingen skal bidra til å styrke sykkel og gange som transportform*».

Kap. 4.5: «*Det skal legges til rette for at handelsvirksomhet og andre publikumsrettede private og offentlige tjenestetilbud kan lokaliseres ut fra en regional helhetsvurdering tilpasset eksisterende og planlagt senterstruktur og kollektivknutepunkter*».

Kap. 4.8: «*Planleggingen skal ta høyde for universell utforming og tilgjengelighet for alle, og ta hensyn til den delen av befolkningen som har lav mobilitet*».

Vi vil i tillegg peike på at:

- Den vedtekne handelsføreseigna er i vesentleg konflikt med dokumentet som låg ute på høyring.
- Sentrumsspreiinga som planen legg til rette for, har ikkje vore på høyring, noko det skulle vore, jf. pbl. § 8-3, tredje avsnitt, og § 8-5, andre avsnitt.
- Sentrumsspreiinga som planen opnar for, er ikkje konsekvensutgreidd, noko det skulle vore, jf. pbl. § 8-3, tredje avsnitt, og § 8-5, andre avsnitt.

*Vi viser til lovkommentaren til plandelen til plan- og bygningsloven:*



*«Grunnlaget for å bringe et spørsmål i en regional plan inn for departementet er at planen ikke følger opp eller ivaretar nasjonale eller viktige statlige hensyn og interesser på en måte som vedkommende fagmyndighet kan godta. Det forutsettes at dette gjelder viktige forhold som er forankret og klargjort på forhånd gjennom politiske dokumenter, og at spørsmålene er tatt opp i prosessen for den enkelte plan».*

### **Konklusjon**

Fylkestinget har gjort vedtak som kan ha store konsekvensar for dei etablerte sentera i Sogn og Fjordane og som vil føra til sentrumsspreiing og auka bilbruk, utan at ein vesentleg del av innhaldet i vedtaket har vore på høyring eller har vore konsekvensutgreidd.

Vedtaket er i strid med Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging (BATP).

Vi ber departementet endre handelsføresegna ved å ta bort tillegget: *«Kommunen kan sjølv regulere inn fleire sentrumsområde i same regionsenter (BAS-område)».*

Med helsing

Lars Sponheim

Nils Erling Yndesdal  
kommunaldirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Postboks 8112 Dep

0032 OSLO